M

MENIGHETSBLADET
KLEPP, BORE, ORRE,
FRØYLAND OG ORSTAD SOKN

4. UTGAVE
2026



**Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde!
Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede,
ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein
frelsar i Davids by. Han er Den salva, Herren.
Luk 2,10-11**

Velkomen til vigsling av ny kyrkje på Klepp og til eit variert program gjennom heile adventstida!



Innhald

3	**Andakten:** Jula snur opp ned på alt
4	**Nytt frå kyrkjeverja**
6	**Gudstenester**
8	**Tekstane**
10	**Døypte, vigde og gravlagde**
12	**Tilbod barn og unge**
14	**Barnas**
15	**Vigslingsgudsteneste**
16	**Konsertar i Klepp kyrkje**
21	**Arrangement nyåret Klepp kyrkje**
23	**Torsdagstreffen**
24	**Under lupa**
27	**Julekonsertar Frøyland og Orstad kyrkje**
30	**Kirkens Nødhjelp: Menneska bak hjelpearbeidet i Ukraina**
32	**Kontaktliste**

Kyrkja

Sorg og glede i same rom

Kyrkja står der,
stille som ei hand du kan halde i
når verda blir for tung.

Ho er god å ha
i sorga si stund,
når hjartet leitar etter ein plass
der tårene kan falle
utan at nokon spør kvifor.

Her er rom for sakn,
for stille steg,
for lys som brenn
for dei vi har mista.

Men kyrkja er òg
ei bru til gleda,
eit rom der latteren får klinge,
der håpet får reise seg,
der livet får lov til å lyse
midt i alt som er mørkt.

Ho held oss
i sorga,
ho lyfter oss
i gleda,
og ho minner oss
om at begge høyrer til
i eit menneskeliv.

Kyrkja,
ei stille kraft,
ei varm hamn,
eit augeblink av fred
i ei uroleg verd.

Av. Arvid Evanger
Dikter og Forfatter



Dagens ord:
Jula snur opp-ned på alt

– I jula gjer eg som Maria. Eg slepp lyset frå Betlehemsmarkene og mysteriet frå den første julekvelden inn i hjartet, skriv biskop Tor Magne Nesvik.

«Me e i baglengsland», sa dei to barnehagegutane begeistra. Inspirerte av songen om Bakvendtland frå songstunda hadde 5-åringane teke ytterjakkene på seg bak fram. No traska dei baklengs på leikeplassen og klatra opp rutsjebana i staden for å renna ned. «Og i baglengsland er to pluss to kanskje hundre eller null eller någe, jaffal ikkje fira», sa den mest veslevaksne av dei. «Bilane berre rygge'», heldt kompisen fram, før han kom på at det jo var presten som var på besøk: «Ja, og Gud e' ikkje i himmelen, men på jordå!»

I så fall er jula ei feiring av at «baklengs» blir «framlengs». Me feirar at Gud kjem ned til jorda og snur opp-ned på ei rekkje tilsynelatande logikkar som me elles blir drivne av. Jesus peikar på korleis den siste skal bli den første, det svake kan vera sterkt, og fattig blir rikt. I jula feirar me at Gud viser oss at ei anna verd, ei anna meining, eit anna mål og ein annan livsveg er mogleg, enn den som er merkt med skilta «størst, mest og sterkast»!

Me feirar ein flyktningfamilie i Betlehem. Eit lite barn med ei mor og ein far som alt har reist langt, men som snart må flykta frå regimet til Herodes. Ei tenåringsmor og ein lojal mann som sikkert slit og strevar, men som òg får erfara det mest utrulege: englesong, gudsnærvær og eit oppdrag som fører dei inn i sentrum av verdshistoria.

Kva kan juleevangeliet fortelja oss? Eg tenkjer på alle som strevar, alle som står i krevjande livskampar, alle som lid, uroar seg og er redde. Måtte me klara å spreia varme og englesong inn i livet til kvarandre, om ikkje som på Betlehemsmarkene, så likevel så godt me kan!
«Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det», står det mot slutten av juleevangeliet. I jula gjer eg som Maria. Eg slepp lyset frå Betlehemsmarkene og mysteriet frå den første julekvelden inn i hjartet.

Eg les det, syng det, grublar på det og feirar: At midt i alt som verkar håplaust, urovekkjande, mørkt og hatefullt, finst ei anna forteljing. Ei omvend, men sannare forteljing. Den som endrar verda, gjer baklengs til framlengs og ber æva i seg. Forteljinga om at kjærleikens Gud steig ned til jorda og framleis er midt iblant oss. Forteljinga om at håpet, fryktløysa, lyset og kjærleiken framleis lever i beste velgåande!

Gledeleg jul!

Tor Magne Nesvik
Biskop i Stavanger bispedømme



– Midt i alt som verkar håplaust, urovekkjande, mørkt og hatefullt, finst ei omvend, men sannare forteljing, skriv biskop Tor Magne Nesvik. *Foto: Marie von Krogh*

Nytt frå kyrkjeverja

Av Arvid Kaspersen, kyrkjeverje i Klepp

Gratulerer med nytt kulturhus!

Eg vil nytte høvet til å gratulere alle i kommunen med nytt kulturhus! Gratulerer òg til politikarar og administrasjon med nytt rådhus! Ja, for når du les dette, har Plogen kulturhus opna, og rådhuset teke imot sine første besøkande til både biblioteket, kulturhuset og rådhuset. No er det kyrkja sin tur.

Gratulerer med ny kyrkje!

Den 29. november overtek Klepp sokn den nye kyrkja frå Klepp kommune! Det skal feirast kvar dag fram til vi går inn i det nye året! Gratulerer til oss alle saman! Ja, for den nye kyrkja er kyrkja til alle.

Ny tid, nytt sentrum, ny identitet og nytt fellesskap!

Eg er overtydd om at det som skjer i sentrum, vil forandre bygda og oss. I ei verd med uro, polarisering, ekstremisme og mange grunnar til bekymring, kan vi i den vesle bygda Klepp kome saman i eit ope, inkluderande, raust, tolerant og varmt fellesskap. Vi kan vere saman rundt kaffikoppen, den gode drøsen, og omgjevne av smil og latter. Vi kan dele kulturopplevingar, føredrag, konsertar, teater, festar, kurs og sjølvsagt også gudstenester, bryllaup, gravferder og konfirmasjonar. Livet byr på så mykje, men det kan bli fint likevel!

Betre saman!

Det viktigaste og beste du kan gjere, er å berre kome og vere med i fellesskapet i kulturtorget, frivilligheitsentralen, biblioteket, aktivitetssalen, i kjellarstova og i kyrkja. Vi har det best saman. Utan å gjere noko eller prestere noko, berre vere saman. Ta med deg deg sjølv og kom, ver med. Då har du teke med deg det beste du har. Lat oss ikkje gå glipp av deg, det er deg vi treng. Jau då, så kan det hende vi finn på noko òg, som å steikje vaflar, lage popcorn eller sukkerspinn. Det er òg kjekt, men berre ei følgje av at vi er saman og har lyst til å gjere noko i lag.

Å vere kyrkje i ei ny tid, på Klepp

Kyrkja har eit samfunnsoppdrag som folkekyrkje. Det skal vi løyse slik vi har gjort i tusen år, men på måtar som er relevante i dagens samfunn og i møte med menneska i dag. I tillegg er kyrkja ei fellesskapskyrkje og ei kulturkyrkje som vil møte heile mennesket i alle livets fasettar. Mangfald og ulikskap, historier og bakgrunn, tankar og meiningar, kjensler og erfaringar kan vere så mangt. Bak kvart smil eller kvar tåre finst eit liv, ein kropp, eit hovud og eit hjarte. Det er både spennande og berikande, ikkje ein fare eller ein trussel. Lat oss derfor saman arbeide mot einsemd og utanforskap og for trivsel og tryggleik, for kvarandre og for eit nytt og godt Klepp for alle! Det kan vi og må vi gjere uavhengig av tru eller tvil. Då treng vi kvarandre.

Kyrkja er likevel meir og større enn kyrkja på Klepp!

Kyrkja ber med seg ei lang historie, frå Abraham til i dag, verdas lengste samanhengjande forteljingar. Ho ber med seg eit bodskap om kjærleik og nåde, eit bodskap som gjev liv inn i æva. Guds ord er like aktuelt for dagens moderne menneske som for Moses, Maria og Paulus. Jesus opna dørene til tempelet, og til hjarto til mange menneske, og det fekk stor betydning.

No skal me opna dørene til den nye kyrkja, men det er ikkje større enn når dørene vert opna i Bore, Orre, og Frøyland og Orstad kyrkje kvar søndag og alle dei andre dagane i veka. Me kan opna kyrkjedører i heile verda, men Jesus kan opna både hjarto våre og himmelens portar. Det kan få betydning det!

Anna informasjon: Personal

Hilde Eikeland slutta som dagleg leiar i Bore i september, men no gleder det oss å fortelje at Inger-Kathrine Kjølleberg (1982) er tilsett i stillinga. Inger-Kathrine har tidlegare arbeidd i både Sandnes og Time fellesråd, mellom anna som sekretær for prosten. Ho har dei siste åra arbeidd hos statsforvaltaren med planlegging og gjennomføring av kongelege besøk i Rogaland. Ho startar hjå oss i februar, og vi vil bli nærare presenterte i neste menighetsblad.

Orgel i Orre og Bore

Ved årsskiftet skal vi gjennomføre eit større vedlikehaldsarbeid på orgelet i Bore. Det er litt «rusk i maskineriet», så det er på tide med noko vedlikehald og utbetringar.

I Orre kyrkje er det eit gamalt og slite elektronisk orgel. No har vi vore heldige og fått kjøpe eit nyare elektronisk orgel frå Hå fellesråd. Dei har nytta dette som mellombels orgel i Nærbø gamle kyrkje under rehabiliteringa av sitt orgel. No er arbeidet fullført, og vi fekk kloa i orgelet. Dette vil bli eit fint løft for kyrkja i Orre. Er vi heldige, klarer vi å installere orgelet før jul.



Kvifor stilla til val?

Kyrkjeval: Derfor bør du stilla til soknerådsval

Kven skal forma arbeidet til kyrkja der du bur dei neste fire åra? Kyrkjevalet 2027 nærmar seg, og kyrkjelydane treng menneske som vil vera med og ta ansvar. Kanskje er du ein av dei?

Soknerådet har ei viktig rolle i kyrkja. Det dei bestemmer, påverkar det som skjer i kyrkjelyden, frå gudstenester, kyrkjeleg undervisning og læring, til kulturarbeid, omsorgsarbeid, frivillig innsats og tilbod til barn og unge. I kyrkjevalet vel ein over heile landet dei som skal sitja i soknerråd i kvart sokn. Alle medlemer i Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15. Det er kyrkjeval kvart fjerde år. Som medlem i soknerådet får du høve til å vera med og påverka kva plass og rolle kyrkja skal ha i lokalsamfunnet ditt.

Eit verv med meining

For mange rådsmedlemer handlar vervet om å få vera med og gjera ein forskjell.

– Det er meiningsfullt å få innsikt i alt som rører seg av i soknet. Eg opplever at eg kan vera med og påverka korleis kyrkja utfører oppdraget sitt, fortel ein rådsmedlem.

Ein annan peikar på fellesskapen: – Mange positive menneske ønskjer å dra i same retning. Det gir meg livskvalitet å få vera med.

Å sitja i soknerådet gir høve til å bruka eigne erfaringar, interesser og perspektiv i arbeidet for fellesskapen. Kyrkja treng menneske med ulik bakgrunn og alder og ulik kompetanse. Om du går ofte eller sjeldan i kyrkja, om du er heilt trygg i den kristne trua di eller stadig undrar deg over korleis verda heng saman, er du velkommen. Det er nettopp mangfaldet av stemmer som gjer rådet sterkare og betre i stand til å vareta heile kyrkjelyden.

Har meir å seie enn mange trur

Soknerådet er med på å bestemma retninga for arbeidet til kyrkjelyden. Rådet arbeider med spørsmål som gjeld både dagens verksemd og kva som skal skje i åra framover. Det handlar om korleis ressursane skal brukast, kva tilbod som skal utviklast, korleis frivillige kan involverast, og korleis kyrkja kan vera relevant for menneske i alle livsfasar.

Gjennom soknerådet kan ein derfor vera med på å skapa konkrete resultat i lokalsamfunnet. Små og store avgjerder som blir tekne rundt møtebordet, får noko å seia for menneske som brukar kyrkja i kvardagen og ved dei store hendingane i livet. Den norske kyrkja er avhengig av medlemmer som vil vera med å forma framtidas kyrkje. Kanskje er det din tur i 2027?

Meiningsfullt

Soknerådet gir høve til å samarbeida med andre, utvikla nye idear og vera med på å styrkja kyrkja som fellesskap. Samtidig viser erfaringane at mange opplever vervet som meiningsfylt og givande. Ein stor del av dei som sit i soknerråd, svarer at vervet er like tilfredsstillande eller meir tilfredsstillande enn dei hadde venta.

Rom for nye

Kyrkja treng ikkje berre dei som allereie er mest engasjerte. Den treng også nye perspektiv, nye erfaringar og nye stemmer. Om fleire seier ja til å stilla, blir også kyrkja betre rusta til å møta framtida.

Kanskje er det no du tek steget frå engasjement til medansvar!

Vil du vera med, eller ønskjer å vita meir? Ta kontakt med kyrkjekontoret der du bur.

Les meir på kirken.no/valg

Gudstenester

Bore

06.12 kl. 11.00
G2-gudsteneste med dåp. Ivan Fjeld. Søndagsskule. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

13.12 kl. 11.00
Me syng jula inn. Bore skulekorps deltek. Ivan Fjeld. Ikkje søndagsskule. Takkoffer til Bore skulekorps.

20.12
Inga gudsteneste.

24.12 kl. 14.00 og 15.30
Julaftangudstenester. Ivan Fjeld. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

25.12 kl. 12.00
Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd. Ivan Fjeld. Takkoffer til NMS.

27.12
Inga gudsteneste.

03.01 kl. 11.00
Gudsteneste med dåp. Ivan Fjeld. Søndagsskule. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

10.01 kl. 11.00
G2-gudsteneste med nattverd. Ivan Fjeld. Søndagsskule. Takkoffer til misjonsprosjektet.

17.01 kl. 11.00
Familiegudsteneste med nattverd. Ivan Fjeld. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

24.01
Inga gudsteneste.

31.01 kl. 11.00
Gudsteneste med nattverd. Ivan Fjeld. Søndagsskule. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

07.02 kl. 11.00
Familiegudsteneste med dåp. Ivan Fjeld. Takkoffer til Barnevakten.

14.02 kl. 11.00
G2-gudsteneste med nattverd. Ivan Fjeld. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

21.02
Inga gudsteneste.

28.02 kl. 11.00
Diakonigudsteneste med nattverd. Ivan Fjeld og Ruth Bråtveit. Søndagsskule. Takkoffer til Modum Bad.

Klepp

06.12 kl. 11.00
Generasjonsgudsteneste med dåp og nattverd. Lys Vaken. Just Salvesen.

13.12 kl. 17.00
Me syng jula inn. Lokale song- og musikkrefter deltek.

20.12 kl. 11.00
Gudsteneste med dåp og nattverd. Just Salvesen.

24.12 kl. 14.00 og 15.30
Julaftangudstenester. Just Salvesen.

25.12 kl. 12.00
Høgtidsgudsteneste 1. juledag med dåp og nattverd. Just Salvesen.

01.01 kl. 12.00
Gudsteneste med dåp og nattverd. Just Salvesen.

03.01 kl. 19.00
Gudsteneste med nattverd. Markering av nytt prosti. Biskop, ny prost og soknеprest deltek.

10.01 kl. 11.00
Generasjonsgudsteneste med dåp og nattverd. Just Salvesen.

17.01 kl. 11.00
Gudsteneste med nattverd. Vikar.

24.01 kl. 11.00
HEL-gudsteneste med dåp og nattverd. Just Salvesen.

31.01 kl. 11.00
Temagudsteneste med nattverd. Just Salvesen.

07.02 kl. 11.00
Generasjonsgudsteneste på fastelavnssøndag. Just Salvesen.

14.02 kl. 11.00
Gudsteneste med dåp og nattverd. Just Salvesen.

21.02 kl. 11.00
Gudsteneste med dåp og nattverd. Vikar.

28.02 kl. 11.00
Temagudsteneste med nattverd. Just Salvesen.

Frøyland og Orstad

06.12 kl. 10.30
Gudsteneste med dåp.

13.12 kl. 10.30
Me syng jula inn.

24.12 kl. 13.30, 14.45 og 16.00
Julaftangudstenester. Safari deltek kl. 13.30 og Soulchildren kl. 14.45.

25.12 kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste 1. juledag med nattverd.

10.01 kl. 10.30
Gudsteneste med dåp.

17.01 kl. 10.30
Gudsteneste med nattverd.

24.01 kl. 10.30
Gudsteneste med nattverd.

31.01 kl. 10.30
Gudsteneste med nattverd.

07.02 kl. 10.30
Gudsteneste med dåp.

21.02 kl. 19.00
Kveldsgudsteneste.

28.02 kl. 10.30
Soulchurch-gudsteneste.



Kyrkjeskyss

BORE KYRKJE
Ring kontoret
tlf. 51 78 95 55.

KLEPP KYRKJE
Ring tlf. Pauline Braut;
920 35 830

Orre

06.12 kl. 11.00
Gudsteneste med dåp. Erik Rørtveit. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

24.12 kl. 15.00
Julaftangudsteneste. Erik Rørtveit. Takkoffer til Kirkens SOS.

10.01 kl. 11.00
Gudsteneste med nattverd. Erik Rørtveit. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

24.01 kl. 11.00
Gudsteneste med dåp og nattverd. Erik Rørtveit. Takkoffer til Israelsmisjonen.

07.02 kl. 11.00
Familiegudsteneste med dåp. Erik Rørtveit. Takkoffer til Orre Sundagsskule.

21.02 kl. 11.00
Gudsteneste med nattverd. Erik Rørtveit. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Endringar kan førekoma. Følg med i Jærbladet og på heimesida.

Tekstane

1. søndag i adventstida – søndag 29. november
Jes 61,1–3, Op 5,1–5, Luk 4,16–22a

2. søndag i adventstida – søndag 6. desember
Jes 65,17–19, 1 Kor 15,50–57, Luk 21,27–36

3. søndag i adventstida – søndag 13. desember
Jes 40,1–5, Jak 5,7–8, Luk 3,7–18

4. søndag i adventstida – søndag 20. desember
Mika 5,1–4a, Fil 4,4–7, Luk 1,39–45

Julaftan – torsdag 24. desember
Jes 9,1a.2.6–7, 1 Joh 1,1–4, Luk 2,1–20

Julenatt/ottesong – 24.–25. desember
Mika 5,1–4a, 1 Joh 1,1–4, Matt 1,18–25

Juledag – fredag 25. desember
Ordsp 8,1–2.22–31, Hebr 1,1–6, Joh 1,1–14

Stefanusdagen / 2. juledag – laurdag 26. desember
Salme 86,11–17, Apg 6,8–15, Matt 10,16–22

Romjulssøndag – søndag 27. desember
2 Mos 1,15–21, Apg 7,17–22, Luk 2,36–38

Nyttårsaftan – torsdag 31. desember
Jer 29,10–14, 2 Pet 3,13–15a.17–18, Joh 14,27

Nyttårsdag / Jesu namnedag – fredag 1. januar
Salme 103,13–18, Apg 4,8–12, Matt 1,20b–21

Kristi openberringsdag – søndag 3. januar
Jes 49,1–7, Rom 15,4–6, Luk 2,40–52

2. søndag i openberringstida – søndag 10. januar
2 Mos 1,22–2,10, Ef 1,7–12, Mark 1,3–11

3. søndag i openberringstida – søndag 17. januar
Jes 55,1–3, Op 22,16–17, Joh 4,4–26

Såmannssøndag – søndag 24. januar
Jer 20,7–9, Rom 10,13–17, Mark 4,26–34

Kristi forklaringsdag – søndag 31. januar
2 Mos 3,1–6, 2 Pet 1,16–18, Mark 9,2–13

Kyndelsmesse – tysdag 2. februar
1 Sam 1,21–28, 1 Joh 1,1–4, Luk 2,22–40

Samefolkets dag – laurdag 6. februar
Salme 126,1–6, Fil 4,4–9, Matt 22,34–40

Fastelavnssøndag – søndag 7. februar
Jes 53,1–5, 1 Kor 1,18–25, Joh 12,20–33

Oskeonsdag – onsdag 10. februar
Jona 3,3–10, 2 Pet 1,5–11, Matt 12,38–42

1. søndag i fastetida – søndag 14. februar
1 Mos 4,1–7, 1 Kor 10,10–13, Matt 16,21–23

2. søndag i fastetida – søndag 21. februar
1 Mos 3,8–15, Rom 5,17–19, Luk 7,36–50

3. søndag i fastetida – søndag 28. februar
Job 2,1–10, Ef 6,10–18, Mark 9,17–29



Ord frå hjarta: God tid

Av Andrea Bjørkavoll-Bergseth,
menighetspedagog ungdom

I arbeidet mitt som kyrkjelydspedagog avsluttar eg mange samlingar for barn og unge i kyrkja med å tenne lys i lysgloben. Medan ungane tenner lys, set eg på ein song. Den eg brukar aller mest, er «God tid», ein song av Søndagsskolen Norge. Det er ein utruleg fin song om å roe litt ned, puste med magen og berre vere saman med Jesus, lytte og kjenne etter.

Etter slike samlingar går turen som regel rett i bilen for å hente i barnehagen, før vi snur i døra heime med middagen halvvegs fordøydd og køyrer fram og tilbake til treningar, kampar, kor- og korpsøvingar og alle slags andre aktivitetar for store og små i familien.

Ganske ofte koplar mobilen seg automatisk til lydanlegget i bilen. Midt på Stasjonsvegen mellom Klepp stasjon og Kleppe, bak ein traktor og altfor seint ute til dit vi skal, lyder det i heile bilen på fullt volum: «Du og eg har god tid». Er det éin ting i heile verda eg ikkje har akkurat der og då, så er det god tid!

Fleire gonger i Bibelen står det at Jesus trekte seg tilbake og bad. Jesus hadde folk rundt seg stort sett heile tida. Dei ville at han skulle undervise, snakke med dei, be for dei og dele måltid med dei. Det kan ikkje alltid ha vore mykje ro mellom alt som skjedde, og alle som ville ha ein bit av han. Likevel tok han seg tid. Han trekte seg tilbake, pusta med magen og lytta til det Gud ville gi han.

I ein travel kvardag er det ikkje lett å finne tid til å trekkje seg tilbake. Kanskje må vi berre ta oss tid til det likevel. Før skrudde eg av songen i bilen, kjefta på anlegget og gav klar beskjed om at dette hadde eg ikkje tid til. Litt etter litt har eg kjent meir og meir på at tida i bilen faktisk er ei pustepause i seg sjølv, der eg kan senke skuldrene og puste med magen. No får songen stå på og overdøyve all annan støy. Trass alt har eg tid der langs Stasjonsvegen, bak traktoren. Eg kjem meg uansett ikkje raskare fram av å stresse.



Demenskoordinator

Har du eller ein av dine nærmeste behov for samtale, veiledning og vurdering i forhold til demenssjukdom? Klepp kommune har ein demenskoordinator som kan kontaktast

tlf. 47515265
e-post: demenskoordinator@klepp.kommune.no
(ikkje gje sensitive opplysningar i e-post)

Med vennleg helsing

Kristin Randulff
Demenskoordinator, Klepp kommune

Velkommen til dåp i kyrkjene i Klepp

Foreldre til små barn/eldre barn som vil døypast, må sjølv ta kontakt med den lokale kyrkja og melda opp til dåp. Dette kan gjerast enkelt via kyrkja si heimeside.

Rettar for alle døypte:

- Som døypt får ein medlemskap i Den norske kyrkja
- Døypte blir invitert til trusopplæringsarrangement fram til 18 år
- Døypte kan konfirmerast i kyrkja
- Døypte kan vera fadder for andre
- Døypte har stemmerett ved kyrkjevalet

Ønskjer du nokon å snakka med?

Du er velkomen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest, Just Salvesen (Klepp) - Tlf. **410 04 692**
Sokneprest, Ivan Fjeld (Bore) - Tlf. **948 69 841**
Sokneprest, Erik Rørtveit (Orre) - Tlf. **900 97 015**
Sokneprest, Morgan Fjelde (Frøyland og Orstad) - Tlf. **489 97 108**
Diakonimedarbeider, Ruth Bråtveit - Tlf. **472 59 486**

Dåpskjole til utlån

Dåp har ein lang og god tradisjon i landet vårt. Mange opplever det som en fin merkedag med høgtid og fest. Vi er mange som vil hjelpe deg og familien din for å få ei god og verdig ramme rundt dåpen. Dåpen er gratis i våre kyrkjer, og vi har 2 dåpskjoler til utlån om man treng det.

Ta kontakt med Ingunn D. Aandal/ Kari Haavardsholm på 51 78 95 55 for å avtale lån av kjolen.





Døypte

Klepp kyrkje

06.09
Anton Reithe Stavenes
Lara Øksnevad Solberg
Laurits Bille Storhaug
Magnus Stokka
Olav Clementsen

20.09
Andrea Stiegler
Elian Lekve Kristensen
Nils Anda
Theo Grude Johansen
Thor Hatteland Sørheim

27.09
Mikkel Dyskeland
Oda Egeland

04.10
Aleksander Rosfjord-Shannan
Amalie Aadland Theis
Brage Knutsen Falkum
Hermine Emilie Erikstad Johansson
Sonja Hinna Wigen
Tilia Kristiansen

11.10
Edvin Stokkeland
Johan Mikalsen Fuglestein
Jonathan Nesland Ronold
Maja Ånestad Risa
Mathilde Aagenæs
Michelle Tengesdal
Sverre Solberg

25.10
Charlotte Mellemstrand Osen
Theo Lie Bergsholm

01.11
Ivar Bjerga
Theodor Risa
Tobias Sunde Haug
Vilde Stava Assersen
Werner Refsnes Vold

Bore kyrkje

27.09
Adrian Haga Vignes
Edvin Pollestad Hodne
Leon Hiim Rosseland
Stene Østrem

18.10
Johanne Tengesdal
Nora Frøytlog Vatne

Orre kyrkje

27.09
Elias Ueland

25.10
Adelen Ree
Andreas Pedersen
Erlend Jåsund Rosland
Leah Pollestad
Markus Tjøtta Lund

Frøyland og Orstad kyrkje

09.08
Matheo Håland Sandvik
Thalie Thorsen Laland
Vendela Garstad

30.08
Sverre Vik Straume
Truls Eiken Dallaire

20.09
Aleksander Horpestad-Sunde
Alida Sevheim
Sigrid Hagevik
Herborg Auestad Kleppa
Liam Klemetsen
Mikkel Skjæveland
Vera Alsnes
William Alexander Torland Solli

25.10
Emma og Oda Iversen
Ellinor Oftebro-Helgevold
Lukas Eriksen
Sofie Aarsland Toft

Vigde



Klepp kyrkje

12.09
Siri Egholm Ueland og Endre Pollestad

19.09
Ine Vassbø Sjøthun og Filip Solberg Beenfeldt
Hanna Elisabeth Laland Hystad og Håkon Nilssen

26.09
Hanne Haugvaldstad og Jan Even Kaldhussæter

31.10
Linda Svihus Håland og Jan Erik Karlsen

Bore kyrkje

17.10
Silje Svendsen og Jan Mellemstrand

Frøyland og Orstad kyrkje

10.10
Rebekka Hjønnevåg og Ole Bent Madsen



Gravlagde

Klepp

18.09
Gunlaug Stensland Montgomery, f. 1951
(bisetting)
Hans Gederø, f. 1948

23.09
Ingleif Møller, f. 1945

25.09
Kari Orstad, f. 1955

28.09
Bjarne Johannes Bore, f. 1937

01.10
Bjørg Marit Mjølsnes Ewing, f. 1939

02.10
Kjersti Rugland, f. 1939

07.10
Ruth Kristine Høyland, f. 1939

13.10
Bjarte Fosså, f. 1999

16.10
John Ottar Berthelsen, f. 1933

23.10
Terje Norin, f. 1957

27.10
Svein Sele, f. 1951

30.10
Berit Ånestad, f. 1946 (bisetting)

03.11
Vigdis Laugaland, f. 1956

04.11
Bjørg Nina Lunde, f. 1971

Bore

01.10
Lars Hole, f. 1956

02.10
Olav Magne Løe, f. 1952

05.11
Magne Espedal, f. 1939

Orre

04.11
Vilje Undheim Nese, f. 2026



tilbod for barn og unge

Småbarn 0-5 år

Alder	Frøyland & Orstad	Bore	Orre	Klepp
0-1 år	Babysong (feb.-april 2027)	Babysong (torsdagar)	Babysong (kanskje 2027)	Babysong (måndagar)
1-2 år	Sangkortsamling (sept. 2027)	Dåpsdagsgratulasjon i posten	Familiegudsteneste (feb. 1-3 år)	Småbarnssong (annankvar måndag)
3 år	Skattkistesamling (18./19. nov 2026)	Supersøndagskule (20. september 2026)	Familiegudsteneste (feb. 1-3 år)	Sauesamling (vår 2027)
4 år	Barnebibel (okt. 2027)	Pølsesong (12. okt) Barnebibel (18. okt)	4-års samling (4. og 8. nov)	4-års bok (okt. 2026)
5 år		Pinsebursdag (13. juni 2026) Bore legoklubb (5-19 år) (tysdagar, oddetalsveker)	Legoklubb (vår 2027)	Barabbassamling (mars 2027)
3-5 år	Safari kor (4 år-4.trinn, tysd. partalsveker)	Bore barnekor (frå ca. 4 år, måndag, partalsveker)	Barnekor (frå 5 år og oppover, oppstart i september)	Knøttekor (3-6 år, annakvar torsdag)

Felles informasjon:

• Invitasjon til aktivitetane for kun eit årskull kjem når det nærmar seg (til alle som står som medlem, er registrert som trusopplæringsabonnent eller har gitt oss beskjed at dei ønsker invitasjon).
• Det kan komme endringar. Følg med på heimeside og Facebook for oppdatert informasjon. Ønsker du invitasjon, informasjon eller har du spørsmål? Ta kontakt med menighetspedagogane. Du finn kontaktinfo fremst i bladet.

Barneskule 1.-4. trinn

Trinn	Frøyland & Orstad	Bore	Orre	Klepp
1	1. klasseklubb (april-mai. 2027)	Skulestartmarkering (nye 1.trinn, 13.juni -27) 1.klasseklubb (mars -27)	Dåpsskule (vår 2027)	Semesterstart-gudsteneste (august 2026)
2	2.klasseklubb (sept. 2027)	Medlemsbrev i posten	Tårnagenthelg (2.-3. trinn, vår 2028)	2.klasseverkstad (vår 2027)
3	Tårnagenthelg (jan. 2027)	Tårnagenthelg (april/mai 2027)	Tårnagenthelg (2.-3.trinn, vår 2028)	Tårnagenthelg (vår 2027)
4	4. klasseklubb (jan.-feb. 2027)	Etter skuletid (nov 2026-fe. 2027)	Aktivitetsdag (4.-5.trinn 27. sept.)	Tweens Intro (vår 2027)
1-4	Safari kor (4år-4.trinn, tysd. partalsveker)	Bore barnekor (frå 4 år og oppover) Bore legoklubb (5-19 år) (tysdagar, oddetalsveker)	Barnekor (frå 5-10 år, torsdag i partalsveker)	Gudstenesteverkstad (1.-7.trinn) Barnekor (1.-7.trinn, annakvar tys.)

Søndagar:

Frøyland og Orstad: Jungelgjengen (0 år-4.steg), Agapao (5.-7.steg)
Bore: Sundagsskule, dansegruppe og tweensgruppe under gudstenesta.
Klepp: Sundagsskule (gullivergjengen/Agentar/Slush)

Invitasjon i postkassa?

Ønskjer du at barnet ditt skal få invitasjon i posten til aktivitetar som skjer i kyrkjene?
Barn som er døypte i Den norske kyrkja får automatisk invitasjon i postkassa.
Andre barn kan òg få invitasjon i postkassa ved å registrere namn og fødselsdato via QR-koden.
NB: Er barnet allereie døpt/medlem i Den norske kyrkja, treng de ikkje registrere dykk.

Tweens 5.-7. trinn

Trinn	Frøyland & Orstad	Bore	Orre	Klepp
5		Tweens Tirsdag (5.-7.trinn, tysdag, partalsveker)	Aktivitetsdag (4.-5.trinn, sept.)	Fyrstehjelpskveld (nov. 2026)
6	Lys Vaken (7.-8. nov. 2026)	Lys Vaken (28.-29. nov. 2026)	Lys Vaken (5.-7.trinn vår 2027)	Lys Vaken (5.-6. des. 2026)
7		LederLab-kurs (laurdag 6. feb.2027) LederLab-samling (7.-9.trinn, 20 okt. 2026)	Lys Vaken (5.-7.trinn vår 2027)	Mesternes Mester (vår 2027)
5-7	F2 Tweensklubb (fredag i partalsveker) SoulChildren kor (5.-9.trinn, mandag i partalsveker)	Tweens Tirsdag (tysdag i partalsveker) Legoklubb (5-19 år, tysdag, oddetalsveker)	Yngres (4.-7.trinn, måndager på Bedehuset)	Tweens (fredag i partalsveker)

Ungdom 8. trinn og opp

Trinn	Frøyland & Orstad	Bore	Orre	Klepp
8		Newbie (vår 2026)	Ungomsklubb (Kick-off, haust 2028)	PreKonf (vår 2027)
9	Konfirmasjon	Konfirmasjon	Konfirmasjon	Konfirmasjon
10		KonfReunion (vår 2026)	KonfReunion (vår 2027)	PostKonf (skuleåret 26/27)
VGS	Samling 3. vgs (juni 2027)			
8.-3. vgs.	FOKUS (fredag i partalsveker)	LederLab-samling (7.-9. trinn, 20. okt. 2026) Legoklubb (5-19 år, tysdag, oddetalsveker)	Ungdomsklubb (fredag i partalsveker)	UANZ (sundag i oddetalsveker)

Heimesider:

Frøyland og Orstad

Klepp

Bore

Orre





Barnas

Kryssord

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet. Gå inn på **bibel.no** om du ikkje har boka.



Vits:

Kva seier snømannen når det blir varmt? – No renn det heilt over for meg!

Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Disse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn 5 feil

Vismennene følgde stjerna for å finne Jesusbarnet. Dei to bilda er nesten helt like, men kan du finne dei fem feila på bildet til høgre?



Teikning: CHIARA BERTELLI

Fargelegg



Teikning: CHIARA BERTELLI

Labyrint

Kan du hjelpe Maria og Josef å finne vegen til stallen?



Vigslingsgudsteneste

Søndag 29. november kl. 11.00

vert den nye kyrkja i Klepp vigsla.

Velkommen til den store festgudstenesta!



Biskop Tor Magne Nesvik

Saman med lokale aktørar vil biskop Tor Magne Nesvik, Klepp hornmusikk og kammerkoret Con Brio delta.

Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi, helsingar og talar.

Opningsfesten fortset med kulturkveld

måndag 30. november kl. 18.00

Klepp kyrkje

KLEPP KYRKJE

Kulturkveld – Tankane bak den nye kyrkja

Klepp kyrkje
30. november kl. 18.00

Song og musikk
Enkel servering

Vel møtt!

PROGRAM

